



TETT I TETT: Utvandringsfestivalen på Sletta er ein tradisjon. Det nyaste tilbodet i år var forteljarkonsert og forteljarstund. Laurdag 4. juli, på den amerikanske nasjonaldagen, sat vaksne og born tett i tett for å høyra om 50 norske utvandrarar som reiste med båt frå Stavanger til New York.

Aktuell Utvandringfestival

RADØY: På Sletta vart den amerikanske nasjonaldagen feira med ei spennande historie om små og store som reiste over havet til eit nytt liv.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

– Det er ekstra kjekt å kunna fortelja denne historia i dag på den amerikanske nasjonaldagen, og akkurat på dagen og timen 190 år etter at dei reiste ut, seier Anne Elisabeth Skogen.

Denne helga var ho på Utvandringfestivalen på Sletta for å fortelja historia om båten Restauration, som reiste ut frå Stavanger 4. juli 1825. Om bord var det 50 menneske som reiste frå Noreg for å starta eit nytt liv i USA.

Skogen jobbar som forteljar, og fortalde historia fleire gonger i løpet av helga. Fredag hadde ho forteljarkonsert tilpassa dei vaksne saman med kantor og komponist Martin Nygaard



FORTELJAR: Anne Elisabeth Skogen er forteljar. Her er ho i gang med å fortelja om barna ombord på båten som gjekk frå Stavanger 4. juli 1825.

Haug. Og laurdag og søndag hadde Skogen forteljarstund for barn.

Trongt og varmt

Då Strilen var innom laurdag førmiddag, sat store og små tett i tett i nybyggjarhuset for å høyra på.

– No er de på ein båt. Kan de sjå det, spurte Skogen.

Borna nikka.

I det fine sommarveret var det både trong og tett i det vesle

lokalet. Men det passa i bra. For Skogen kunne fortelja at det må ha vore endå trongare og varmare på båten.

Frå Stavanger til New York

Dei framtmøtte fekk høyra om korleis dei femti om bord vinka farvel til Stavanger og sette kursen mot New York. Om bord i båten var det ein god del born, blant anna tre år gamle Martha og den ni år gamle broren hennar Nils. Og ei jente som heitte



FANN GULL: – Sjå gullet, seier Isabell (4) Kallestad Soltveit. Ho prøvde seg som gullgravar saman med broren Sebastian (2).

Marte Helene og var fire år gammal.

Store og små på Sletta fekk høyra at borna måtte sova to og to i kvar køye. Og at køyene var veldig små. Dei var så korte og smale at om dei vaksne mennene ville snu seg, så måtte dei stå opp og gå ut av senga for å klara det.

Dei fekk også ei detaljert skildring av korleis kjøkkenet var. Det bestod stort sett av ein vedovn, nokre kassar til ved,

kjøkkenutstyr og ein stor vass-tank. Vassstanken var stor, men ikkje stor nok til at den romma vatn til heile turen. Så den skulle eigentleg etterfyllast undervegs. Det vart ikkje gjort. Og ei stund var utvandarane skikkeleg ille ute. Kva som skjedde og kvifor skal ikkje Strilen avsløra, men tilhøyrarane i nybyggjarhuset hørde godt etter og fekk med seg all dramatikken.

Forestillinga varte om lag 30 minutt, og den var vel verd å



LAGA STEMNING: Desse karane sytte for god stemning i emigrantlandsbyen.



FERSKE HESTAR: To trehestar har fått plass i emigrantlandsbyen. Her er det tvillingane Sindre og Heidi Røystrand Kolås (10) som testar dei.



GODE FØREDRAG: Roald Erling Tjore bur på Radøy, og har vore innom utvandringscenteret mange gonger. – I dag har eg fått med meg fleire føredrag, blant anna om helsestellet til utvandrarane. Det var spennande, seier han.



99. BATALJON: Tradisjonen tru kunne publikum også få sjå gamle militærkjøretøy, som blant anna vart brukt av den 99. bataljon.



KULTURINTERESSERTE: Ruth Ellinor Monsen og Anfinn Monrad Instebo likar å gå på konsertar og andre kulturarrangement. – I går var me på Elton John konsert, seier dei.

få med seg, synest Ruth Ellinor Monsen og Anfinn Monrad Instebo. Dei hadde eigentleg tenkt å ta turen til forteljarkonserten fredag kveld.

– Men då hadde me billetter til Elton John-konserten i byn, så då bestemte me oss for å høyra barneforteljinga i staden. Den var veldig spennande den også, seier dei to pensjonistane.

Tar turen

Dei bur i byn, men likar å ta seg ein tur til Radøy av og til.

– Eg er oppvaksen like i nærleiken, så dette er heimbygda mi, seier Anfinn.

Han synest utvandringscenteret og festivalen som vert halde i juli kvart år, er eit bra tilbod. Han prøver å få med seg både festivalen og ein del andre arrangement her i løpet av året.

Dei synest historia om båt-reisa var levande og godt fortalt.

– Eg kunne formeleg sjå for meg menneska der dei sat trykt saman under dekk i uveret. Tenk den lukta og varmen. Det må ha vore heilt forferdeleg, seier Ruth.

Ho er glad ho fekk høyra historia og slapp å oppleve noko slikt sjølv.

Nøgd med programmet

Også Cecilie Johanne Slokvik Hansen, vikarierende avdelingsleiar på Utvandringscenteret, var godt fornøgd med forteljinga til Skogen.

– Det er det som er nytt av



HELDT FØREDRAG: Øyvind Røen har halde føredrag på utvandringsfestivalen fleire gonger. I år fortalte han om lege Nils Kvale frå Grimo i Sørfjorden, som utvandra og jobba som lege i Chicago.

året på festivalen denne gongen. Og me synest historia er veldig aktuell no, seier ho.

Hansen fortel at dei ønskjer at festivalen skal ha eit program både for vaksne og barn, og det føler ho at dei lukkast med.

Mange vaksne kjem igjen år etter år for å få med seg fagseminaret som tek for seg forskjellige tema knytt til utvandring, og for å vera tilstades under kranesnedlegginga på bautane ved kyrkja.

I tillegg brukar festivalen å innehalda eitt eller fleire musikalske innslag, og ein del forskjellige aktivitetar for barn og unge.

Om legar og helsestell

I år var det helsestell som var gjennomgangstema på fagseminaret, og dei som fann vegen dit fekk blant anna høyra historia om to norske legar som utvandra til Amerika.

Øyvind Røen er tidlegare kollega med initiativtakar til Utvandringscenteret, Asbjørn Ystebø. Han har halde føredrag på festivalen fleire gonger, og likar seg godt. I år fortalte han om livet til Nils Kvale, eller Nils Quales, som han kalla seg i Amerika.

– Nils Kvale var bror til tippoldefaren min, og jobba som lege i Chicago, seier Røen.



STILTE MED HESTAR: Ida Camilla Mellingen, Ida Karoline Båtnes og Lilly Elena (2) hadde med seg tre hestar og tilbød både kjøring med vogn og riding for barn.

I føredraget sitt fortalte han korleis den norske legen engasjerte seg for å hjelpe sjuke og betra helsesituasjonen til dei han møtte i området der han jobba. Den dag i dag er det framleis tre bygg i byen som ber namnet hans.

– Eg er ingen historikar, men eg har undervist ein del i historie som lærar, og er vel generelt interessert, seier Røen til Strilen.



NØGD: Vikarierende leiar ved Vestnorsk utvandringscenter, Cecilie Johanne Slokvik Hansen